



Flage Maskin As
Bjørkemoen 46
5709 VOSS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5884 - 23/18007

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
per.sveinar.morsund@alver.kommune.no
O

Dato:
06.03.2023

Svar på spørsmål om faktura - gbnr 212/141 Eikanger øvre

Byggjestad: Gbnr 212/141
Tiltakshavar: Flage Maskin As

Saka gjeld

Spørsmål vedrørende faktura nr 50003730.

Stadfesting av faktura

Faktura som det stillast spørsmål ved er rett slik den er sendt ut.

Alver kommune fatta 24.08.22 følgjande vedtak:

VEDTAK

1. Opphøyr av bruk

Vi pålegg dykk å opphøre bruk av brakkerigg inntil det eventuelt ligg føre løyve.

2. Retting

Vi pålegg dykk at brakkerigg må fjernast og areal tilbakeførast, jf. vilkår 2 i løyve datert 16.01.18

3. Tvangsmulkt

Eingongsmulkt på kr 30 000,- blir ilagt den 01.09.22 dersom ikkje den ulovlege bruken opphøyrer.

Løpande dagmulkt på kr 2000,- frå og med 01.09.22 dersom ikkje den ulovlege bruken opphøyrer.

Eingongsmulkt på kr 30 000,- blir ilagt den 01.12.22 dersom ikkje det ulovlege tilfellet er retta.

Løpande dagmulkt på kr 1000,- fra og med 01.12.22 dersom det ulovlege tilfellet ikkje er retta.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova § 32-3 og 32-5.

Kommunen har sidan 01.09.22 fakturert løpande dagmulkt på kr 2000,- for ulovleg bruk av brakkerigg på eigedommen. Denne er fakturert ved fleire anledningar tidlegare og eg antar difor at det ikkje er denne delen det stillast spørsmål ved. På siste faktura er det i tillegg fakturert eingongsmulkt og starta opp løpande dagmulkt for manglande retting av det ulovlege tilfellet. Frist for retting var 01.12.22 og kommunen har ikkje motteke melding om at det ulovlege tilfellet er retta.

Eg ser at det har vore sendt inn ein søknad som vart avvist; sak nummer 22/6966. Det er ikkje registrert nokon ny søknad etter dette.

Kontaktinformasjon:

Du kan nå meg på e-post per.sveinar.morsund@alver.kommune.no eller telefon 56 37 54 66. Ta gjerne kontakt om det er noko du lurar på i saka.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/5884

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Per Sveinar Morsund
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Flage Maskin As

Bjørkemoen 46

5709 VOSS